



Jan Helge Pile frå Uskedalen saman med tre vener rodde og segla Spitsbergen rundt i 1992. F.v: Øystein Huglen, Jan Helge Pile, Hans Martin Riseth og Erik Kristoffersen.

Jan Helge Pile saman med tre medstudentar frå NTH rodde og segla Svalbard rundt i 1992. Rett skal vera rett: Som MS SPITSBERGEN var turen Spitsbergen rundt, ikkje rundt Nord Austlandet og Egdeøya. Med to færingar, ein Oselvar og ein Nordfjordbåt, rodde og segla dei den 1200 km lange turen på 45 dagar. 2/3 deler av distansen var roing, 1/3 var segling. Nokre plassar drog dei båtane på isen.

Målet med turen var å vera dei fyrste som tok seg rundt Spitsbergen utan motorkraft. Året før hadde to engelskmenn rett nok gjort det same, men dei fekk Kystvakta til å leggja ut depot. Jan Helge Pile og laget hans hadde med all proviant og utstyr, pakka i vasstette dunkar. Med løyve frå Sysselsmannen la dei ut frå Longyearbyen 1. juli og rodde Forlandssundet mot Ny Ålesund. MS SPITSBERGEN kunne ikkje gå dette sundet grunna for låta djupne.

Med på turen forutan Jan Helge var Øystein Huglen (Stord), Hans Martin Riseth (Husnes) og Erik Kristoffersen (Arendal). Ein femte person valde å hoppa av i Ny Ålesund for retur til Longyearbyen.



Jan Helge Pile syner kartet med alle posisjonar. Lengst nord var på 80 grader.

Jan Helge Pile jobba i cruiseferien på den tid og fekk ikkje avløyning før nett før turen starta. Dei andre utrusta båtane og dreiv med prøvesegling i Sunnhordland ved Huglo. Robåtane vart frakta til Longyearbyen med lasteskip. Båtane var leigd inn, Oselvaren kom frå Moss, Nordfjordbåten frå Austevoll.

Turen er nøyaktig dokumentert med loggbok og fotografi. Jan Helge Pile har ved fleire høve stått fram med førelesing om Svalbard og turen i 1992. Dei fyrste ti dagane var det god sikt og stille ver. Verre var det lengre nord og på seglasen på sør gjennom Hinlopenstredet. Innspurten i med naudhamn i Bellsundet var også krevjande. Her var det mykje is, tidevasstraumar og særleg ein gong med såkalla ståande bylgjer. Isbjørnen kom tett på og var til tider plagsam. Med snublepluss, signalpenner og rifle av mausertypen, gjekk det godt, men det var nære på nokre gonger. Dei var innom Isfjord Radio og fekk omvisning. Det same fekk dei i Ny Ålesund..

Rolaget til Pile budde for det meste i telt, men dei var også innom fangsthytter og Sysselmannen sine hytter. I Magdalenefjorden var dei inne på den same stranda som vart brukt i programmet Svalbard minutt for minutt. Medan dei campa der, kom eit cruiseskip og la seg til. Turistane filma og snakka med roarane frå Sunnhordland. Dei vart attraksjonen den dagen og fekk vera med ombord på lunsj og i baren. Ved avgang frå skipet fekk dei med ein sekk med nybakte brød frå skipets bakeri.

Det var ein minnerik tur i møte med fangstmenn og vaktmenn som budde åleine og som var sugne på kontakt og prating. Naturen, fugle- og dyrelivet må berre opplevast.

Jan Helge Pile er i dag leiar og ansvarleg for marineteknisk divisjon i Color Line.

Uskedalen.no held fram å leggja ut innlegg om dei som er eller har vore på Svalbard i kortare eller lengre periodar. Vi er framleis takksame for tips med namn og kva som var oppdraget.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Jan Helge Pile/ Kristian Bringedal